



Klar til innsats med loddboka.

**Torsdag kveld brukte musikantane i skulemusikken to timar til å selja lodd rundt i bygda til inntekt for korpсарbeidet. Då starta nemleg loddsalget i det årvisse julelotteriet.**

Dei unge og fornøgde loddseljarane kunne melda om at dei vart svært godt mottekne rundt i bygda. Mange kunne etterpå fortelja om loddkjøparar som hadde fortalt dei kor stor pris dei sette på at vi har ein aktiv skulemusikk i bygda. Salget hadde også gått godt. Før finteljinga kunne lotteriveteran Gerd Ingunn Bauge meddela at resultatet i alle fall var minst på høgde med dei beste åra. Saman med resten av nemnda ber ho oss å bringa ei stor takk vidare til bygdefolket for at dei alltid støttar så godt opp om skulemusikken. Dei takkar og Statens Vegvesen for refleksar til loddseljarane.

Etter salget samlast musikantar og foreldre på skulekjøkkenet. Der vart det servert pizza og saft, peparkaker og mandariner. Ei triveleg stund! - Det er alltid så koseleg på desse loddkveldane med pizza, høyrde vi ein av dei eldste musikarane seia. Også foreldra gav uttrykk for at dei syntest det var svært kjekt å vera med på denne kvelden, - enten dei styrte på kjøkkenet, eller dei var sjåførar.

Trekking av julelotteriet vert gjort på grautfesten til skulemusikken den 12.desember.

Av: Thor Inge Døssland.



To av dei yngste loddsejarane Bente Halvorsen og Solveig Haugland.